



Ein kvinneleg sjåfør som hadde dottera med seg i bilen kom uskada frå ei utforkøyring ved Ljosnes ved 14-tiada måndag. Truleg vart heller ikkje dottera skada, men dei var begge til legesjekk på Husnes.

Dei to var på veg frå Uskedalen mot Dimmelsvik. Ulukka skjedde då bilen kom for langt ut på vegkanten like etter den skarpe svingen. Det vart ei humpete ferd på rundt 50 meter utanfor vegen før bilen kom delvis opp på vegen att og stansa på tvers.

Bilen vart påført betydelege skadar på understelet.

Sjåføren hadde tur som ikkje støyte saman med løa som ligg kloss i vegkanten.

(Foto: Ola Matti Mathisen)